



Austevoll kommune

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Dykkar referanse

Vår referanse

2025/1730-4

Dato

10.10.2025

Høyringsinnspel frå Austevoll kommune til planprogram areal og mobilitet – Vestland fylkeskommune

Austevoll kommune viser til høyring av planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland fylkeskommune, og vil med dette gje følgjande innspel.

Planprogrammet og kommunane sitt ansvar

Austevoll kommune meiner at planprogrammet i for liten grad drøftar forholdet mellom fylkeskommunen sitt ansvar og kommunane sitt sjølvstendige ansvar for arealplanlegging.

Ein regional plan bør i hovudsak vere strategisk og overordna, og unngå detaljstyring som grip inn i kommunane si planmyndigheit. Plantemaet «berekraftig arealforvaltning» omfattar ei rekkje undertema som kommunen meiner best vert løyst lokalt, innanfor nasjonale føringar. Dette gjeld til dømes bustadpolitikk, fritidsbustader, turisme, landbruk og friluftsliv.

Ein regional plan bør fokusere på korleis nasjonale retningslinjer kan følgjast opp regionalt gjennom samarbeid og støtte. Fylkeskommunen bør utvikle eit strategisk planverk som tek på seg ei koordinerande rolle, legg til rette for deling av kunnskap, og skaper arenaer for samhandling mellom kommunar.

Vi meiner det er naudsynt med prinsipielle avklaringar i planprogrammet om kva som skal styrast regionalt, og kva som bør overlatast til kommunane.

Manglande tilpassing til geografiske forhold

Austevoll kommune er eit øysamfunn med desentralisert busetnad og næringsstruktur. Krav i planprogrammet om å unngå spreidd utbygging, og prioritere bustader og næring nært regionsenter og kollektivknutepunkt, er lite tilpassa kommunar utan fungerande kollektivtilbod og med annan geografi enn byregionar. Strategiar som er fornuftige i byar og regionsentre, kan fungere dårleg i distriktskommunar. Å leggje ein slik senterstruktur til grunn for arealprioritering motverkar målsetjinga om å oppretthalde levande lokalsamfunn i heile kommunen. Det vil også vere i strid med kommunale målsetjingar om desentralisert verdiskaping og busetnad.

Birkelandsvegen 2, 5392 STOREBØ | Besøksadresse: Kommunehuset
Telefon: 55081000 | Org.nr.: 941139787 | postmottak@austevoll.kommune.no |
www.austevoll.kommune.no

Transport og mobilitet

Austevoll kommune meiner at temaet mobilitet og transport er underrepresentert i planprogrammet. Vi oppfattar at programmet i hovudsak omhandlar arealspørsmål.

Det er viktig at planlegginga av mobilitet tar omsyn til at det i mange distriktskommunar ikkje er realistisk å erstatte personbil med kollektivløysingar.

Bruk av UFF-metodikk og kartbaserte verktøy

Kommunen stiller spørsmål ved om UFF-metodikken (utbyggingsmønster, funksjonsdeling og fortetting) eignar seg for bruk i område med mykje tilgjengeleg areal, slik som Austevoll. Vi meiner denne metoden har ein skeivfordelende effekt som ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til lokale forhold.

Mangel på omtale av kystnæringar og energibehov

Austevoll kommune meiner at planprogrammet i for liten grad vektlegg dei kystnære og marine næringane, som er avgjerande for den høge verdiskapinga i vår kommune. Havbruk, maritim sektor og tilhøyrande infrastruktur som kaier og hamner må få ein tydelegare plass i planarbeidet.

Vidare tar ikkje planprogrammet nok opp i seg utfordringa med energibehovet i kystsamfunna. Havbruk, kystfiskeflåten og servicetilbod har store krav til straumtilgang, og fleire område i Vestland er ramma av låg nettkapasitet. Dette er eit viktig tema for berekraftig utvikling, og bør vere del av planprogrammet.

Ønske om betre dialog og medverknad

Til slutt vil Austevoll kommune understreke behovet for tett dialog i det vidare arbeidet med planen. Vi ber om at kommunane vert involvert i tidleg fase, og at det blir lagt til rette for reell medverknad i utforminga av strategiar og tiltak.

Konklusjon:

Austevoll kommune støttar målsetjinga om samordna areal- og transportplanlegging, men meiner planprogrammet i sin noverande form ikkje tek tilstrekkeleg høgd for det kommunale sjølvstyret, geografisk mangfald eller dei faktiske utfordringane og behova i kystkommunar. Vi ber om at dette vert vurdert på nytt før endeleg planprogram vert fastsett.

Med helsing

Austevoll kommune



Bente Kari Sletten Taranger
ordfører



Austevoll kommune

Dokumentet er elektronisk godkjent.